


Kommunale tilskotsordninger for landbruket i Modalen



gjeldende fra 01.04.2011



1. RETNINGSLINER FOR NÆRINGSFONDET SOM GJELD LANDBRUK

Vedteke av kommunestyret 7 april 2011 sak05/11. Prøveordning i 5 år.

Føremålet med ordninga er å leggja til rette for og styrkja landbruksdrifta i Modalen, og ordningane skal medverka til:

- oppgradering og fornying av driftsapparatet som kan bidra til kostnadsreduksjon og dermed betre lønnsemd
- nyare utstyr som kan gje betre arbeidsmiljø og positiv helsegevinst
- oppgradering av driftsbygningar for å tilfredstilla krav til dyrehelse, miljø og effektiv produksjon
- nybygg for å sikra og mogleg auke produksjon av landbruksprodukt
- stimulera unge/nye brukarar til å driva gard

Det skal nyttast eige søknadsskjema.

Tiltaka nedanfor vert finansiert av næringsfondet.

For dei ulike ordningane gjeldt følgjande satsar:

1. **KJØP AV NYTT DRIFTSMIDDEL**
20% tilskot og 13,3% lån.
2. **UTSKIFTING AV DRIFTSMIDDEL**
20% tilskot og 13,3% lån. Eventuelt innbyte skal trekkjast frå.

3. **FELLES INNKJØP AV DRIFTSMIDDEL –MINST 3 BRUKARAR**

Tilskot på 50% av kostnaden. Eventuelt innbyte skal trekkjast frå. Samarbeidet må omfatta minst 3 brukarar.

4. **NYBYGG, OMBYGGING ELLER RESTAURERING AV DRIFTSBYGNING**

For eksisterande driftsbygning innanfor etablert produksjon vert det gjeve 33,3 % tilskot.

5. **ETABLERING AV NY PRODUKSJON / AKTIVITET**

Det vert gjeve 33,3 % tilskot ved etablering av ny produksjon / aktivitet.

6. **GENERASJONSSKIFTE / OPPSTART AV GARDSDRIFT**

Etableringstilskot på kr. 150.000,-. Søkjar må fylla krava som gjeld for å få statlege produksjonstilskot. Vert drifta lagt ned før det har gått 5 år, kan tilskotet krevjast attende, jf. pkt. 2.2.B i Retningsliner for bruk og forvaltning av Næringsfondet i Modalen kommune.

7. **KJØP AV MJØLKEKVOTE**

Det vert gjeve 75% tilskot til kjøp av mjølkekvote. Tilskotet skal krevjast attendebetalt dersom mjølkekvoten som det er gjeve tilskot til vert seld innan 5 år frå utbetaling av tilskotet. Den som får tilskotet pliktar å gje melding til Modalen kommune om sal i dette tidsrommet.

Tilskotet kan utbetalast på grunnlag av medgatte kostnader i høve til kostnadsoppsettet som ligg til grunn for tilsegna. Dersom faktiske kostnader vert lågare enn budsjettert, vil innvilga tilskot verte redusert prosentvis i høve faktiske kostnader.

Før utbetaling skal mottakaren ha levert dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med kostnadsoverslaget. Dokumentasjon/rekneskapet skal vere attestert av rekneskapsfører.

Utbetaling må skje innan eitt år frå vedtaksdato. Dersom det vert trong for forlenging, kan ein søkje forlenging innan fristen for gjennomføring.

2. TILSKOT TIL LANDBRUKS- FØREMÅL FRÅ LANDBRUKS- BUDSJETTET

Jf kommunestyrevedtak av 16.12.98
oppdatert etter KS- vedtak 05/11

1. Tilskot til nydyrking

Det vert gjeve eit kommunalt tilskot til nydyrking på 50 % av kostnadsoverslaget.

Fulldyrking av overflatedyrka jord får tilskot som til nydyrking. Det vert berre gjeve tilskot til nydyrking ein gong på same areal. Maksimum tilskot vert sett til kr 3 300,- pr. dekar netto areal. Minsteareal for tilskot er 1 dekar.

2. Tilskot til grøfting av dyrka jord

Det vert gjeve eit kommunalt tilskot til grøfting av tidlegare dyrka jord på 50% av kostnadsoverslaget. Det må ha gått minst 20 år sidan det vart gjeve tilskot til nydyrking eller grøfting på arealet, eller 10 år ved første gangs omgrøfting av myr. Profilering vert rekna som grøfting. Maksimum tilskot vert sett til kr 2 500,- pr. dekar. Minsteareal for tilskot er 2 dekar.

3. Tilskot til attvøling av sanduttak

Dersom eit areal som har vore nytta til masseuttak av sand vert attvølt til dyrka jord, kan det ytast kommunalt tilskot på inntil 50 % av kostnadsoverslaget når vedkomande areal ikkje tidlegare har vore dyrka. Maksimum tilskot vert sett til kr 2 500,- pr. dekar. Er sanduttaket gjort med vilkår i avsetjing av midlar til attvøling, skal desse trekkjast frå attvølings- kostnaden før eventuell restkostnad kan gje grunnlag for tilskot.

4. Tilskot til bygging av jordbruksveg/ gardsveg

Det kan ytast kommunalt tilskot på inntil 50 % av kostnadsoverslaget til bygging av vegar til grender og bruk, seter og jordareal som er skikka for nydyrking som tilleggsareal. Dersom det vert løyvd statstilskot til vegprosjektet, vert samla tilskot avgrensa til 80 % av kostnadsoverslaget.

5. Tilskot til bygging av skogsvegar

Det kan ytast eit kommunalt tilskot på inntil 50 % til bygging av skogsvegar. Dersom det vert løyvd statstilskot til vegen, vert samla tilskot avgrensa til 80 % av kostnadsoverslaget. Det kan setjast vilkår om hogst og skogskulturtiltak på eigedomen.

6. HMS - tiltak

Frå Modalen kommune sitt landbruksbudsjett vert det gjeve 20% tilskot til HMS- tiltak, t.d. kurs, opplæring m.m.

7. Spesielle miljøtiltak i landbruket

Det kan ytast kommunalt tilskot til skjøtsel av kulturlandskapet. Satsar og føresegner i forskrift for *Spesielle miljøtiltak i landbruket og i gjeldande kommunal smil-strategi* vert lagt til grunn for tildeling. Ordninga vert sett i samanheng med kommunale kulturmidlar og statlege midlar.

3. REGLAR FOR SØKNADER OG SAKSHANDSAMING

SATSAR FOR EIGEN ARBEIDSINNSATS

Eiginnsats kan reknast med i kostnadsgrunnlaget etter desse satsane:

- Traktorarbeid kr 300,- pr. time
- Manuelt arbeid kr 200,- pr. time.

PLANLEGGING, GODKJENNING, UTBETALING M.M.

a) Generelt:

Det er ein føresetnad for å koma inn under tilskotsreglane at produksjonen på landbrukseigedomen er i samsvar med gjeldande regelverk. Brukar må ha løyve til tiltaket, eventuelt at tiltaket ikkje treng løyve. Som hovudregel skal det søkjast på førehand. Søknad etter igangsetjing kan medføre redusert tilskot. Det skal nyttast eige søknadsskjema.



Døme på aktuelt regelverk:

- Plan- og bygningslova,
 - Forskrift om nydyrking og forskrift om bakkeplanering
 - Forskrift om planlegging og godkjenning av vegar for landbruksføremål
 - Generell forskrift om produksjonstilskot
 - Forskrift om hold av storfe og svin og Husdyrkonsesjonslova
- b) Det kan løyvast tilskot til nydyrking/ grøfting til areal som er planlagd nytta til anna enn jordbruksføremål. Nydyrka areal vert målt til netto dyrka jord. Staten sine sist gjeldande retningsliner for planlegging og kostnadsrekning vert lagt til grunn.
- c) Søknaden vert handsama i samsvar med vedteke delegeringsreglement, der det vert gjort vedtak etter gjeldande reglar.
- d) Arbeidet skal godkjennast av kommunen, som hovudregel av den i kommunen som har planlagd eller sakshandsama tiltaket. Tilskotet kan utbetalast i 2 terminer når det ligg føre godkjenning på utført arbeid. Minst 30 % av tilskotet skal stå att til det føreligg sluttgodkjenning for fullført arbeid. For bygningar og vegar m.m. skal det liggja føre byggjerekneskap før sluttutbetaling.
- e) Dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for støtta, kan Modalen kommune avgjera at tilskot skal betalast tilbake heilt eller delvis. Krav om innløysing av tilskot kan ikkje setjast fram seinare enn 5 år etter utbetaling.
- f) Klageorgan framgår av vedteke delegeringsreglement. Klagefrist er 3 veker frå vedkomande har motteke melding om avgjerd i løyvesaka.
- g) Desse reglane vart vedteke i PS 095/98 – 16.12.98, og justert i samband med revisjon av tilskotsordningane for landbruk i KS-sak 05/11, vedteke 07.04.11.

